### Gaupejakta er i gang

Årets kvotejakt på gaupe starta 1. februar. Det er vedteke ei kvote på 35 gauper for regionen Telemark, Vestfold, Buskerud og Aust-Agder. På jaktas første dag var mange jaktlag ute for å spore gauper i Telemark. Ei gaupe blei felt under kvotejaktas første dag. Den fall i Sauherad søndag ettermiddag. Kvotejakta varer ut mars månad. Søndag ettermiddag var det felt totalt fire gauper i fylka Telemark, Vestfold og Buskerud. Det er jakt på gaupe i alle Telemarks 18 kommunar.

**Tips kånn:**
redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45



***Midt-Austen.*** *– Bø var med i Midt- og Aust-Telemarkrådet, også kalla Midtausten. Det fungerte dårleg, sa Arne Storhaug i kommunestyremøtet sist torsdag.*

### Ventar på Vinje

Han peikar på at Seljord vil sjå an Vest-Telemark først. Så langt har formannskapet i Vinje sagt nei. Så får ein sjå kva som skjer i kommunestyret. Også for Seljord meiner Kasland at Lifjell rundt er dødt.

*– Buttar det mot for kommunalminister Jan Tore Sanner og regjeringa?*

– Det vil alltid vere posisjonering, det vil vere ein vanskeleg materie. I Bø skal me vere audmjuke og sjå at det ikkje er så lett for andre. Det er tidleg i fasen, ting tek fart no, meiner Kasland.

*– Må Bø snart tilby medgift til sine utvalde partnarar, kommunehuset for eksempel?*

– Det kommenterer eg ikkje. Det må kome i forhandlingane. Det kjem aldri gjennom media, seier Kasland.

